



EINAR SÆTER | SVEIN SÆTER

XU

I hemmeleg teneste 1940–45



SAMLAGET

Da professor Hjalmar Broch allereie i august 1940 rådde Hjelle til å ta Strømnæs opp i organisasjonen, visste Hjelle at dette var ein mann å stole på.

Øistein Strømnæs vart altså verva på universitetet. Det var ikkje tilfeldig. Dei fleste i leiinga av XU var faktisk universitetsstudentar. I ettertid avviser dei likevel at XU var ein organisasjon dominert av akademikarar frå Blindern. Alle mulege yrke og mennesketypar var representert i det store nettverket. Dei som satt i leiinga, understrekar at agentane ute i felten gjorde «minst like mykje» som dei sjølv, og at Sentralen aldri kunne ha fungert utan den risikofylte innsatsen til tusenvis av menneske. Etterretning er eit enormt puslespel. Dersom ein bit manglar – uansett kor liten den er – får det konsekvensar.

Mange framstående norske akademikarar var aktive i motstandsarbeidet. Mellom dei var Odd Hassel, seinare nobelprisvinnar i kjemi, og Victor M. Goldschmidt, grunnleggaren av moderne geokjemi. Ein tredje mann av dette kaliberet var XU-agenten Arne Næss, professor i filosofi allereie som 26-åring i 1938.

Spionadressene

Leiinga arbeidde i ulike grupper på ulike adresser i Oslo, og med ulike personar som kontaktledd mellom seg.

I januar 1943 vart Anne-Sofie Østvedt nestkommanderande i XU etter forslag frå Eilif Dahl, som sjølv måtte flykte til Sverige. Saman med sjefen, Øistein Strømnæs, etablerte ho seg i eit hus i Geitmyrsveien 48. Dei to både budde og arbeidde i det vesle huset, som ikkje var synleg frå gata. Det var ått av dirigenten Odd Grüner Hegge og vart ombygd til deira bruk. Den dyktige og oppfinnsame snikkaren Kåre Vangen, som hjalp XU ved fleire høve, sørgde for ei rekkje hemmelege rom. Avansert låsesystem kom på plass. Det vart utvikla kodesystem for inn- og utgåande meldingar. Badet vart fotolaboratorium til nødsbruk.

Store mengder informasjon kom inn til huset i Geitmyrsveien. Her arbeidde Astrid Løken saman med Østvedt og Strømnæs med den vidare behandlinga av stoffet. Ho var også koordinator til Otto Øgrim, som arbeidde mest heime, på skiftande adresser etter som han og kona Marit flytta. Avslørande papir og utstyr måtte skjulast.

Da Otto og Marit budde mannen Kaare Hemsens på badet. Otto Øgrim hadde framme når han jobba. Handgranaten rulla i golvet det seg at den var av ein type ssert, fordi den hadde ein sensitivt etterretningssjefen graferast, nokre gonger ber legg gjekk mykje arbeidstid var ein racer på skrivemaskinen av dei andre. I studietida hadde ved Studentersamfunnets sjefer frå hovudkvarteret i Geitmyrsveien Dei ferdig koda og kamufler av Øgrim, men også frå Geitmyrsveien Eit anna viktig «XU-kode» 12. Her arbeidde nettsjefen sjonssjefane, E-ane, før det ekspedering. Astrid Løken hadde budde i leilegheita som «ekte» i eit stort skap på gangen. Saman med Gunnar Kværk, som vart til London tidleg i 1945, fortalte – Mellom to tunge esker Hovudet på granaten vart ha dei peika mot skapdøra. I utløysing av ei snor, som igjen var festa innside av døra. Dersom nokon var innspel Gestapo, opna døra, gjekk brannbomber eksplodere. Vi rakk drepne eller skadd, og dokumenter Eit slikt eksplosivt opplegg med rutinane når dei opna skapet var låst, hang bak ein stor spegel til syne ein liten plakate der det kelen i skapdøra, opne henne fo